# trio HARDANGER

Tre av våre fremste solistar på **hardingfele** tolkar på denne cd-en slåttar etter den legendariske spelemannen Halldor Meland (1884-1972). Opptaka er eit resultat av musikalske og menneskelege møte på fleire plan – Frank Rolland og Åse Teigland hadde begge Knut Hamre som læremeister i unge år; Knut Hamre lærde i sin tur av eldre spelemenn som hadde Meland som sin viktigaste lærar; og alle tre har her late seg inspirere av det dynamiske, grensesprengjande og kompromisslause hjå den gamle meisteren.

Som samspelgruppe hentar medlemmene i trio HARDANGER ein energi frå kvarande som tilfører spelet ny spenning. Like fullt er det som solistar dei framstår her, fyrst og fremst, og det skjer med ein spontanitet, ei kraft og eit indre liv som lever vidare i lyttaren.

## Åse Teigland — Knut Hamre — Frank Rolland

This CD presents interpretations of Norwegian folk tunes in the manner of the legendary fiddle player Halldor Meland (1884–1972), performed by three of Norway's most accomplished soloists on the hardanger fiddle. The recording is a result of a number of musical as well as human encounters – both Frank Rolland and Åse Teigland studied with Knut Hamre during their early years; Knut Hamre himself learned the art from older fiddlers who had Meland as their principal teacher; and all three have been inspired here by the dynamic, boundless and uncompromising spirit of the older master.

As an ensemble, the members of trio HARDANGER draw a kind of energy from one another that infuses their playing with new vitality. But above all they stand forth as soloists, with a spontaneity, vigor and inner verve that lives on inside the listener.

2L12

7 041888 503620



# I Halldors ånd

Det er ikkje noka lita utfordring å gi seg i kast med musikken etter Halldor Meland; slåttane hans — anten det er komposisjonar frå hans hand eller eldre slåttar som han har sett sitt preg på — er teknisk krevjande, og stiller ikkje minst krav til utøvarens tolkande evne. Knut Hamre, Åse Teigland og Frank Rolland har gått til denne oppgåva med age for det gamle, men òg med kraft til det nye. Anten no slåttane på denne cd-en er lærde direkte etter opptak med Halldor Meland eller via mellomliggjande kjelder, så er dei prega av nærvær, høg framdrift og sterk energi. Vi høyrer dessutan dei tre solistane framføre slåttar dei sjeldan har spela i andre samanhengar.



Som **trio HARDANGER** stod dei tre utøvarane fram for eit større publikum for fyrste gong på Landskappleiken på Rauland i 2001. Dei fire samspel-slåttane på denne produksjonen viser evne til enkel arrangering og fleirstemt spel, samstundes som tilliten utøvarane imellom opnar for innslag av improvisasjon. Rett nok var denne måten å presentere slåttane på utenkjeleg i Halldors tid, men like fullt: Den vitnar om felespelarar som med respekt for slåttespelet som kunstnarleg uttrykksform evnar å tilpasse uttrykket til si eiga musikalske forståing. **Det er då sanneleg i Halldors ånd!**

*Stein Versto*

# In the spirit of Halldor

Taking on Halldor Meland's music is no small matter; his tunes — whether they be compositions from his own hand or older tunes that bear his characteristic stamp — are technically challenging, and place considerable demands on the performer's interpretive abilities. Knut Hamre, Åse Teigland and Frank Rolland have approached this task with respect for tradition, as well as the vitality of innovation. All the tunes on this CD — whether realized on the basis of Halldor Meland's recordings or by way of intermediate sources — are characterized by presence, drive and energy. We furthermore hear performances of tunes that the three soloists have rarely played on previous occasions.

The three performers first presented themselves for a larger audience as trio HARDANGER at the Landskappleik at Rauland in 2001. The four ensemble-tunes on this recording show the trio's ability to create simple arrangements and play polyphonically, while at the same time the performers' reliance upon one another paves the way for improvisatory passages. This approach to presenting tunes was without doubt unthinkable during Halldor's time, but reveals to us three fiddle players with great respect for the playing of folk tunes as a form of artistic expression, who are nonetheless able to adapt their playing to the demands of their own musical perception. **That must surely be in the spirit of Halldor!**



*Stein Versto*

English translation **Thilo Reinhard**
— to read more about the music and the musicians, in english and norwegian, go to **www.2L.no**

| | | | |
|---|---|---|---|
| 1 | **Rudl** | 2:48 | trio HARDANGER |
| 2 | **Kristi Hovden** bruresl책tt | 2:34 | Åse Teigland |
| 3 | **Folkedalen** springar | 2:33 | Frank Rolland |
| 4 | **Vestmannen** springar | 1:44 | Knut Hamre |
| 5 | **Kjømbergen** brureslått | 2:41 | Frank Rolland |
| 6 | **Ungakoneslåtten** springar | 3:49 | Frank Rolland |
| 7 | **Apalhagen** springar | 4:00 | Åse Teigland |
| 8 | **Urheimen** brureslått | 2:41 | Frank Rolland |
| 9 | **Siklebekken** springar | 3:52 | Knut Hamre |
| 10 | **Anna Knutsdotter** springar | 3:07 | Åse Teigland |
| 11 | **Hallingdølen** springar | 3:35 | Åse Teigland |
| 12 | **Sivlefossen** springar | 2:52 | Frank Rolland |
| 13 | **Vestlendingen** springar | 3:38 | Knut Hamre |
| 14 | **Moldnuten** vals | 2:59 | Åse Teigland |
| 15 | **Vadlandshovden** rudl | 2:20 | trio HARDANGER |
| 16 | **Vadlandshovden** springar | 2:28 | trio HARDANGER |
| 17 | **Lengt** lydarstykke | 3:48 | Knut Hamre |
| 18 | **Lindehaugen** springar | 2:51 | Knut Hamre |
| 19 | **Hamlagrøen** brureslått | 2:08 | Frank Rolland |
| 20 | **Bjølleslåtten** springar | 4:08 | Åse Teigland |
| 21 | **Kongstunen** rudl | 3:40 | trio HARDANGER |

Nr. 2, 10, 13, 14, 15, 16 og 17 er komposisjonar av Halldor Meland

Nr 1 og 21 er arrangert av trio HARDANGER

Nr 1, 10 og 14 er på felestillet nedstilt bass (GDAE), nr 12 er på GCAE, nr 17 og 20 er på trollstilt (AEACiss), alle andre er på vanleg stille (ADAE)

Ein fyldig slåtteomtale er tilgjengeleg på **www.2L.no**

**2L** is the exclusive and registered trade mark of **Lindberg Lyd AS** 20©03
NOMPP0301001 [ISRC]
Worldwide distribution by **Musikkoperatørene** and **www.2L.MusicOnline.no**

Denne produksjonen er lydfestet med håndlagede mikrofoner fra DPA og kontrollert med utstyr fra ELECTROCOMPANIET og B&W

Innspelingane er gjort i Ullensvang kyrkje frå 24. til 26. september 2002 av Lindberg Lyd AS
Produsent **Morten Lindberg** og **trio HARDANGER** / teknikar **Hans Peter L'Orange** / redigering **Jørn Simenstad**

Forsideillustrasjon "**Spill og dans**" av **Halfdan Egedius** 1896 [© Nasjonalgalleriet]
Foto av trio HARDANGER **Fotograf Senderud** / grafisk design **Morten Lindberg**

**Takk for økonomisk støtte frå** Fond for lyd og bilde, Hardanger kulturråd, Rådet for folkemusikk og folkedans, Ullensvang herad, Kvam herad, Eidfjord kommune, Odda kommune, Sparebanken Hardanger, Torkjell Haugeruds minnefond, Hardanger folkeminnelag, Halldor Opedals fond, Hardanger spelemannslag. **Takk til læremeister Olav Kvammen!**




## trio HARDANGER

This CD presents interpretations of Norwegian folk tunes in the manner of the legendary fiddle player Halldor Meland [1884–1972], performed by three of Norway's most accomplished soloists on the hardanger fiddle. The recording is a result of a number of musical as well as human encounters — both Frank Rolland and Åse Teigland studied with Knut Hamre during their early years; Knut Hamre himself learned the art from older fiddlers who had Meland as their principal teacher; and all three have been inspired here by the dynamic, boundless and uncompromising spirit of the older master.

As an ensemble, the members of trio HARDANGER draw a kind of energy from one another that infuses their playing with new vitality. But above all they stand forth as soloists, with a spontaneity, vigor and inner verve that lives on inside the listener.

## In the spirit of Halldor

Taking on Halldor Meland's music is no small matter; his tunes — whether they be compositions from his own hand or older tunes that bear his characteristic stamp — are technically challenging, and place considerable demands on the performer's interpretive abilities. Knut Hamre, Åse Teigland and Frank Rolland have approached this task with respect for tradition, as well as the vitality of innovation. All the tunes on this CD — whether realized on the basis of Halldor Meland's recordings

or by way of intermediate sources — are characterized by presence, drive and energy. We furthermore hear performances of tunes that the three soloists have rarely played on previous occasions.

## Knut Hamre | Åse Teigland | Frank Rolland



The three performers first presented themselves for a larger audience as trio HARDANGER at the Landskappleik at Rauland in 2001. The four ensemble-tunes on this recording show the trio's ability to create simple arrangements and play polyphonically, while at the same time the performers' reliance upon one another paves the way for improvisatory passages. This approach to presenting tunes was without doubt unthinkable during Halldor's time, but reveals to us three fiddle players with great respect for the playing of folk tunes as a form of artistic expression, who are nonetheless able to adapt their playing to the demands of their own musical perception. **That must surely be in the spirit of Halldor!**

*Stein Versto 2003*
*[Translation **Thilo Reinhard**]*

DigiPak (PDF)

| | | | |
|---|---|---|---|
| 1 | **Rudl**<br>Halldor Meland was one of the most important fiddlers during a time of change, when fiddle playing increasingly moved from the arena of "Gebrauchsmusik" into the concert hall. Halldor Meland was an extraordinarily creative personality. He composed new music, and built upon and extended many of the traditional dance tunes into more sizeable concert pieces. This rudl – a dance tune in simple time – is played on a bass that is tuned low, and is one of the tunes preserved in their original form. Here we have let ourselves be inspired by Halldor Melands inventiveness and imagination, and arranged the tune with an expression that is colored by our own time and musical understanding. | 2:48 | trio |
| 2 | **Kristi Hovden** brureslått<br>Halldor composed several versions of this wedding tune. Åse has frequently performed the most common of these versions, but here she plays the tune as she learned it from a recording Halldor made in 1949. The tune was named after Halldor's wife, Kristi Hovden, whom he married in 1929. | 2:34 | Åse |
| 3 | **Folkedalen** springar<br>Olav Person Sekse was an excellent fiddler who lived around 1850. He was also a fine dancer, and danced for Ole Bull during the opening ceremony of Det Norske Teater (The Norwegian Theater) in Bergen. Olav Person Sekse came from Ullensvang, east of Bergen, but lived in Folkedal. Thus he became known as "Folkedalen". Frank has learned the tune from a recording that Halldor made for the Norwegian Broadcasting Corporation (NRK) in 1938. | 2:33 | Frank |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 4 | **Vestmannen** springar<br>Halldor learned this springar from Svein Lutro. Later he added several verses to the tune and gave it its name. Anders Kjerland taught the tune to Knut. According to Anders, Halldor used this springar frequently when he played for dance events. | 1:44 | Knut |
| 5 | **Kjømbergen** brureslått<br>A wedding tune after the fiddler Vrål Kjømberget [1812–1838]. "Myllarguten" – the legendary Norwegian fiddler Tarjei Augundsson – frequently visited Kjømberg on his journeys to Hardanger, and included the tune in his concert programs. Frank used a recording that Halldor made in 1912 to learn the tune. | 2:41 | Frank |
| 6 | **Ungakoneslåtten** springar<br>A springar after Per Bulken from Ullensvang. It is one of the most famous and popular tunes associated with Halldor. The name relates to the wedding traditions of Hardanger. When the bride replaces her crown with a kerchief, the Ungakoneslåtten – literally: tune for a young wife – was played. | 3:49 | Frank |
| 7 | **Apalhagen** springar<br>Olav Kvammen [b.1930] was a student of Halldor and is today the fiddler with the greatest expertise in Halldor's music. Åse plays Apalhagen (The Apple Orchard) as she learned it from Olav. | 4:00 | Åse |
| 8 | **Urheimen** A wedding tune after Oddmund Urheim [1816-1896] | 2:41 | Frank |
| 9 | **Siklebekken** springar<br>"The trickling stream" is a springar after the "myllargut" that Halldor learned in Telemark. He was very fond of the tune and used it in many of his concerts, recordings and radio programs. Knut has learned the tune from recordings made by Halldor between 1912 and 1916. | 3:52 | Knut |
| 10 | **Anna Knutsdotter** springar<br>"I saw Anna Espe dance the springar many times. I have to admit that I have never seen a better female springar dancer. Once, when I saw her dance at a festivity, I had the idea of composing a springar that I would call Anna Knutsdotter, and this I did", says Halldor about this dance tune. Åses performance of the tune is based on a manuscript. | 3:07 | Åse |
| 11 | **Hallingdølen** springar<br>A springar from Hallingdal. Halldor added two vek – brief motivic phrases or formulas – at the end of the tune, as he so frequently did. Åse learned the tune from Olav Kvammen. | 3:35 | Åse |
| 12 | **Sivlefossen** springar<br>A springar by Sjur Helgeland [1858–1924]. This was one of the tunes Halldor frequently played in his concerts. Frank plays the tune based on a recording made by NRK in 1936. | 2:52 | Frank |

13 **Vestlendingen** springar 3:38 Knut

Halldor composed this tune in his youth. Later he made several additional versions, and Knut plays the last of these. The tune is typical Meland in content and style, and Knut has learned it from Anders Kjerland.

14 **Moldnuten** vals 2:59 Åse

Many of Halldor's compositions are round dances. This waltz received its name from a mountain peak in the Hardangervidda, where Halldor was a shepherd in his youth.

15 **Vadlandshovden** rudl **Vadlandshovden** springar 2:20 trio

16 These two tunes were composed by Halldor, who named them after the place where he and Kristi lived in Kvam. 2:28

17 **Lengt** lydarstykke 3:48 Knut

Halldor was inspired by nature, and in Lengt, a lydarslått (a tune intended for listening, rather than dancing), his lyrical and romantic side emerges.

18 **Lindehaugen** springar 2:51 Knut

A springar that Halldor learned from Ola Mosafinn [1828–1912]. In 1921 a memorial was set up for Ola Mosafinn at Lindehaugen in Voss, where the tune received its name from Halldor.

19 **Hamlagrøen** A wedding tune after Ola Mosafinn 2:08 Frank

20 **Bjølleslåtten** springar 4:08 Åse

Halldor Meland performed Bjølleslåtten in most of his concerts, and recorded it in 1916. He learned the tune from Ola Mosafinn, and Åse has used the 1916 recording as a basis for this CD.

21 **Kongstunen** rudl 3:40 trio

Trio Hardanger initiated their collaboration with Kongstunen during the winter of 2001. We wished to liberate the tune, and charge it with new elements and strength – just as Halldor did in his own way in his own time ...

Nr. 2, 10, 13, 14, 15, 16 og 17 er komposisjonar av Halldor Meland.
Nr 1 og 21 er arrangert av trio HARDANGER.

Nr 1, 10 og 14 er på felestillet nedstilt bass (GDAE), nr 12 er på GCAE,
nr 17 og 20 er på trollstilt (AEACiss), alle andre er på vanleg stille (ADAE).

buy the CD from www.2L.MusicOnline.no

Innspelingane er gjort i Ullensvang kyrkje frå 24. til 26. september 2002 av Lindberg Lyd AS
Produsent **Morten Lindberg** og **trio HARDANGER**
teknikar **Hans Peter L'Orange** / redigering **Jørn Simenstad**

Forsideillustrasjon er en detalj frå "Spill og dans"
av Halfdan Egedius 1896 [© Nasjonalgalleriet]
Foto av trio HARDANGER **Fotograf Senderud**
grafisk design **Morten Lindberg**
translation **Thilo Reinhard**

**Takk for økonomisk støtte frå** Fond for lyd og bilde, Hardanger kulturråd, Rådet for folkemusikk og folkedans, Ullensvang herad, Kvam herad, Eidfjord kommune, Odda kommune, Sparebanken Hardanger, Torkjell Haugeruds minnefond, Hardanger folkeminnelag, Halldor Opedals fond, Hardanger spelemannslag. Takk til læremeister Olav Kvammen! (right hand picture)



**2L** is the exclusive and registered trade mark of **Lindberg Lyd AS** 20©03 NOMPP0301001 [ISRC]
distributed by Musikkoperatørene and MusicOnline

This production was captured with microphones handcrafted by DPA
and monitored with equipment from ELECTROCOMPANIET and B&W.

## trio Hardanger

Tre av våre fremste solistar på hardingfele tolkar på denne cd-en slåttar etter den legendariske spelemannen Halldor Meland [1884-1972]. Opptaka er eit resultat av musikalske og menneskelege møte på fleire plan — Frank Rolland og Åse Teigland hadde begge Knut Hamre som læremeister i unge år; Knut Hamre lærde i sin tur av eldre spelemenn som hadde Meland som sin viktigaste lærar; og alle tre har her late seg inspirere av det dynamiske, grensesprengjande og kompromisslause hjå den gamle meisteren.

Som samspelgruppe hentar medlemmene i trio HARDANGER ein energi frå kvarande som tilfører spelet ny spenning. Like fullt er det som solistar dei framstår her, fyrst og fremst, og det skjer med ein spontanitet, ei kraft og eit indre liv som lever vidare i lyttaren.

## I Halldors ånd

Det er ikkje noka lita utfordring å gi seg i kast med musikken etter Halldor Meland; slåttane hans — anten det er komposisjonar frå hans hand eller eldre slåttar som han har sett sitt preg på — er teknisk krevjande, og stiller ikkje minst krav til utøvarens tolkande evne. Knut Hamre, Åse Teigland og Frank Rolland har gått til denne oppgåva med age for det gamle, men òg med kraft til det nye. Anten no slåttane på denne cd-en er lærde direkte etter opptak med Halldor Meland eller via mellomliggjande kjelder, så er dei prega av nærvær, høg framdrift og sterk energi. Vi høyrer dessutan dei tre solistane framføre slåttar dei sjeldan har spela i andre samanhengar.



Knut Hamre | Åse Teigland | Frank Rolland

Som trio HARDANGER stod dei tre utøvarane fram for eit større publikum for fyrste gong på Landskappleiken på Rauland i 2001. Dei fire samspel-slåttane på denne produksjonen viser evne til enkel arrangering og fleirstemt spel, samstundes som tilliten utøvarane imellom opnar for innslag av improvisasjon. Rett nok var denne måten å presentere slåttane på utenkjeleg i Halldors tid, men like fullt: Den vitnar om felespelarar som med respekt for slåttespelet som kunstnarleg uttrykksform evnar å tilpasse uttrykket til si eiga musikalske forståing. Det er då sanneleg i Halldors ånd!

*Stein Versto 2003*

DigiPak (PDF)

1 **Rudl** 2:48 trio

Halldor Meland var ein sentral spelemann i brytningstida då felespelet gjekk frå å vera bruksmusikk til å verta meir konsertmusikk. Halldor Meland hadde stor skapartrong. Han komponerte nytt og bygde ut mange gamle slåttar til større konsertnummer. Denne rudlen på nedstilt bass er ein av dei slåttane som framleis er i si opphavlege form, og me har her lete oss inspirera av Halldor Meland sin skapartrong og arrangert slåtten med eit uttrykk farga av vår tid og vår musikalske forståing.

2 **Kristi Hovden** brureslått 2:34 Åse

Denne brureslåtten laga Halldor fleire utgåver av. Åse har brukt mykje den mest vanlege forma, men her spelar ho slåtten slik ho har lært han etter ei innspeling Halldor gjorde i 1949 Slåtten har fått namn etter kona, Kristi Hovden, som Halldor gifta seg med i 1929.

3 **Folkedalen** springar 2:33 Frank

Olav Person Sekse var ein god spelemann rundt 1850. Han var òg sprek dansar og dansa for Ole Bull under opninga av Det Norske Teater i Bergen. Olav Person Sekse var frå Ullensvang, men budde i Folkedal. Slik vart han kalla Folkedalen. Frank har lært slåtten etter opptak som Halldor gjorde for NRK i 1938.

4 **Vestmannen** springar 1:44 Knut

Springaren lærde Halldor av Svein Lutro. Seinare sette han til nokre strofer i slåtten og gav han namn. Knut har lært slåtten av Anders Kjerland. Anders fortalde at Halldor brukte denne springaren mykje når han spelte til dans.

5 **Kjømbergen** brureslått 2:41 Frank

Brureslått etter spelemannen Vrål Kjømberget [1812-1838]. Myllarguten var ofte innom Kjømbergen på sine turar til Hardanger. Denne slåtten nytta Myllaren i konsertprogramma sine. Halldor spelte slåtten inn på plate i 1912, og Frank har lært han etter dette opptaket.

6 **Ungakoneslåtten** springar — 3:49 Frank

Springar etter Per Bulken frå Ullensvang. Den er ein av dei mest kjende og omtykte slåttane som Halldor sette sitt preg på. Namnet er knytt til brudlaupstradisjonen i Hardanger. Når brura byter frå krune til skaut, vert Ungakoneslåtten spelt.

7 **Apalhagen** springar — 4:00 Åse

Olav Kvammen [f.1930] var elev hjå Halldor og er i dag den spelemannen som absolutt har best kjennskap til hans musikk. Åse spelar her Apalhagen som ho har lært av Olav.

8 **Urheimen** brureslatt etter Oddmund Urheim [1816-1896] — 2:41 Frank

9 **Siklebekken** springar — 3:52 Knut

Springar etter Myllarguten som Halldor lærde i Telemark. Han lika slåtten svært godt og brukte han mykje på konsertar, plateinnspelingar og radioprogram. Knut har lært slåtten av Halldor sine plateinnspelingar frå 1912 og 1916.

10 **Anna Knutsdotter** springar — 3:07 Åse

"Eg såg henne Anna Espe dansa springar mange gonger. Eg må tilstå eg har ikkje sett nokon betre kvinneleg springdansar. Ein gong eg såg henne dansa i ein fest, kom eg på at eg ville laga ein springar som eg ville kalla Anna Knutsdotter og det gjorde eg òg", seier Halldor om denne springaren. Åse har forma slåtten etter ei notenedteikning.

11 **Hallingdølen** springar — 3:35 Åse

Springar frå Hallingdal, som Halldor sette til to vek på slutten, slik han gjorde med så mange slåttar. Åse har lært slåtten av Olav Kvammen.

12 **Sivlefossen** springar — 2:52 Frank

Springar av Sjur Helgeland [1858-1924]. Dette var ein av slåttane Halldor bruka mykje på konsertane sine. Frank har lært slåtten etter eit opptak frå NRK i 1936.

13 **Vestlendingen** springar — 3:38 Knut

Halldor laga slåtten i ungdomen. Seinare kom det fleire former, og Knut spelar den nyaste utforminga. Slåtten er typisk Meland i innhald og stil, og Knut har lært han av Anders Kjerland.

14 **Moldnuten** vals — 2:59 Åse

Mange av Halldor sine komposisjonar er runddansar. Denne valsen har fått namn etter ein nut på Hardangervidda, der Halldor var gjetar i ungdomen.

15 **Vadlandshovden** rudl — **Vadlandshovden** springar — 2:20 trio

16 — 2:28

Halldor komponerte desse to slåttane og gav dei namn etter plassen han og Kristi budde på i Kvam.

17 **Lengt** lydarstykke — 3:48 Knut

Halldor var inspirert av naturen, og i lydarslåtten Lengt kjem lyrikaren og romantikaren i han fram.

18 **Lindehaugen** springar 2:51 Knut

Springar som Halldor lærde av Ola Mosafinn [1828-1912]. I 1921 vart det reist eit minnesmerke etter Ola Mosafinn på Lindehaugen, Voss, og då gav Halldor denne slåtten namnet.

19 **Hamlagrøen** brureslått etter Ola Mosafinn 2:08 Frank

20 **Bjølleslåtten** springar 4:08 Åse

Halldor Meland brukte Bjølleslåtten i dei fleste konsertprogramma sine, og han spelte han inn på plate i 1916. Han lærde slåtten av Ola Mosafinn, og Åse har brukt plateinnspelinga frå 1916 som utgangspunkt for denne innspelinga.

21 **Kongstunen** rudl 3:40 trio

Det var med slåtten Kongstunen samspelet i Trio Hardanger starta vinteren 2001. Me hadde eit ynskje om å opna opp slåtten, tilføra nye element og ny kraft – akkurat slik Halldor gjorde det på sin måte i si tid ...